



Surfôr av gras-kløver er den viktigaste ingrediensen i fôrrasjonen til mjølkekyr. Foto: Rosann Johanssen


Proteinforsyning frå eng – fôropptak og mjølkeproduksjon

Kløverinnslaget er viktig for avlingsmengd og proteininnhold i økologisk dyrka eng. Kløver har også høg fordøyeleghet. Kyr et gjerne kløver og har høgare fôropptak og mjølkeproduksjon når surfôret er kløverrikt. På grunn av høgt proteininnhold i kløver, kan proteinutnyttinga i mjølkeproduksjonen gå ned med aukande innslag av kløver i rasjonen.

KLØVER SAMANLIKNA MED GRAS

Kyr vel gjerne kløver framfor gras. Dette er vist både i beiteforsøk og i fôringforsøk med surfôr (Rutter, 2006; van Dorland et al., 2008). I eit fôringforsøk med mjølkekyr fann dei at kyr åt nesten berre kløversurfôr om morgonen når dei fekk velje mellom surfôr av fleirårig raigras og surfôr av raudkløver eller kvitkløver (Figur 1). Preferansen for kløver gjekk ned ut over dagen, men var heile tida større enn for gras.

I ei samanstilling av data frå fleire forsøk der fôropptak og mjølkeproduksjon hos mjølkekyr som anten vart føra med reint grassurfôr eller surfôr med kløver vart samanlikna, var det daglege fôropptaket i gjennomsnitt 1,2 kg tørrstoff høgare hos dei som fekk kløver i surfôret (Figur 2) (Steinshamn, 2010). Det var ingen skilnad i opptak etter om dei fekk raud- eller kvitkløversurfôr, men kyrne mjølka dagleg i gjennomsnitt 1,5 kg meir på raudkløver og 2,2 kg meir på kvitkløver jamført med reint grassurfôr.



Figur 1. Kløvermengd av totalt surføropptak gjennom døgnet hos mjølkekyr gitt raigrasssurfør samstundes med raudkløversurfør (RK) eller kvitkløversurfør (KK) (Van Dorland et al., 2008)


Årsaka til at kyr et meir og produserer meir mjølk på surfør med kløver i enn reint grassurfør, er at kløver blir raskare fordøya og går raskare gjennom vom og tarm. Dyra kan såleis ete meir. Surfør med raudkløver gav lågare innhold av feitt i mjølka, men på grunn av høgare mjølkeyting var total produksjon av mjølkefeitt om lag lik (Figur 2).

RAUDKLØVER SAMANLIKNA MED KVITKLØVER
I to mjølkekuforsøk samanlikna vi surfør frå økologisk dyrka eng som anten hadde raudkløver som engbelg-vekst eller kvitkløver (Steinshamn og Thuen, 2008; Höjer et al., 2012). Det var ein tendens at fôropptak og mjølkeproduksjon vart høgare med kvitkløver enn med raudkløver (Tabell 1). Vidare fann vi at raudkløversurføret gav lågare innhold av feitt og protein i mjølka. Årsaka til dette veit vi ikkje, men det er noko

som er observert for proteininnhaldet i mjølka i andre studiar også (Steinshamn, 2010).

EFFEKT AV RÅPROTEIN I SURFØRET

I økologisk engdyrkning er det ofte relativt lågt innslag av kløver i førstelåten, mens det i andre- og tredje-slåtten kan vere vesentleg høgare kløverinnhald. Det gjer at proteininnhaldet i surfør frå førsteslåtten oftast er lågt mens det er monaleg høgare i surfør produsert frå atterveksten. Proteininnhaldet i førsteslåttsfør er generelt lågare enn det som blir rekna som optimalt for mjølkekryr. I eit mjølkekuforsøk, testa vi derfor om det ville svare seg å blande surfør produsert frå atterveksten med surfør laga av førsteslåtten for å auke råproteininnhaldet i rasjonen og på den måten auke proteinforsyninga og mjølkeproduksjonen (Naadland et al., 2016). Surføret frå førsteslåtten



Figur 2. Differanse i dagleg fôropptak (kg TS) og produksjon av mjølk (kg), mjølkefeitt (g) og mjølkeprotein (g) mellom mjølkekryr føra med grassurfør (G) og kyr føra enten med surfør med raudkløver (RK minus G, 11 forsøk) eller med surfør med kvitkløver (KK minus G, 8 forsøk) (Steinshamn 2010)

Tabell 1 Effekt av surfôr med kvitkløver (KK) eller raudkløver (RK) på dagleg fôropptak og mjølkeproduksjon, og innhald av feitt og protein i mjølka

	Steinshamn og Thuen 2008				Höjer et al. 2012	
	KK		RK		KK	RK
Kraftfôr, kg/d	0	8	0	8	6	6
Totalt fôropptak, kg TS/d	14,8	19,9	13,9	19,7	23,3	22,6
Mjølk, EKM kg/d	20,8	28,1	20,6	27,4	27,9	27,1
Mjølkefeitt, g/kg	37,0	39,6	36,2	38,2	44,6	42,8
Mjølkeprotein, g/kg	30,3	33,6	30,2	32,4	34,3	33,7

TS = tørrstoff

EKM = energikorrigert mjølk

inneholdt 11,6% råprotein og surfôret frå andre-slåtten 13,8%. Vi fann at dagleg råproteinopptak auka med om lag 145 g (28 g N) ved å bytte ut surfôr frå førsteslåtten heilt med andreslåttsurfôr, men grovfôropptaket og mjølkeproduksjonen gjekk ned (Figur 3). Dagleg utskiljing av N i mjølk og gjødsel endra seg lite, men utskiljing av N med urin auka med 38 g N (Figur 4). Det betyr at proteinverdien, altså mengd omsetjeleg protein (AAT), var betre i surfôret frå førsteslåtten enn i andreslåtten.

I eit mjølkekuforsøk i Sverige fann dei heller ingen effekt på mjølkeavdråtten hos mjølkekryr av å auke råproteininnhaldet i rasjonen, frå i gjennomsnitt 16,5% til 18,2%, ved å bytte ut noko av grassurfôret med meir raudkløversurfôr (Gidlund et al., 2017). Derimot fann dei sterkt effekt på mjølkeproduksjonen av å bytte ut ein del av bygget i kraftfôrblandinga med rapsmjøl (2,3 kg energikorrigert mjølk/d ved å auke råproteininnhaldet i rasjonen med rapsmjøl med om lag 1,2% einingar).





Foto: Åshild T Randby


Både kvitkløver og raudkløver gir høgt fôropptak og høg mjølkeproduksjon.



Foto: Erling Fløistad/NIBIO



Figur 3. Effekt av å bytte ut surfôr fra førsteslått med andreslåttsurfôr på dagleg tørrstoffoppnak av grovfôr og samla for grovfôr og kraftfôr (totalt) og på produksjon av energikorrigert mjølk (EKM)(Naadland et al., 2016)



Figur 4. Effekt av å bytte ut surfôr fra førsteslått med andreslåttsurfôr på dagleg oppnak av N (venstre vertikalakse) og utskiljing av N (høgre vertikalakse) i mjølk, gjødsel og urin (Naadland et al., 2016)

REFERANSAR

- van Dorland, H.A., M. Kreuzer, H. Leuenberger, og H.R. Wettstein. 2008. Eating behaviour of dairy cows offered fresh or ensiled white clover, red clover and ryegrass to choose from or in a mixture. *Appl. Anim. Behav. Sci.* 111:205–221. doi:10.1016/j.applanim.2007.06.018.
- Gidlund, H., M. Hetta, og P. Huhtanen. 2017. Milk production and methane emissions from dairy cows fed a low or high proportion of red clover silage and an incremental level of rapeseed expeller. *Livest. Sci.* 197:73–81.
- Höjer, A., S. Adler, K. Martinsson, S.K. Jensen, H. Steinshamn, E. Thuen, og A.M. Gustavsson. 2012. Effect of legume-grass silages and alpha-tocopherol supplementation on fatty acid composition and alpha-tocopherol, beta-carotene and retinol concentrations in organically produced bovine milk. *Livest. Sci.* 148:268–281.
- Naadland, S.S., H. Steinshamn, S.J. Krizsan, og Å.T. Randby. 2016. Effect of replacing organic grass-clover silage from primary growth with regrowth on N digestion in dairy cows. *Anim. Feed Sci. Technol.* 220:57–66.
- Rutter, S.M. 2006. Diet preference for grass and legumes in free-ranging domestic sheep and cattle: Current theory and future application. *Appl. Anim. Behav. Sci.* 97:17–35.
- Steinshamn, H. 2010. Effect of forage legumes on feed intake, milk production and milk quality - a review. *Anim. Sci. Pap. Reports* 28:195–206.
- Steinshamn, H., og E. Thuen. 2008. White or red clover-grass silage in organic dairy milk production: Grassland productivity and milk production responses with different levels of concentrate. *Livest. Sci.* 119: 202–215

FORFATTER:

Håvard Steinshamn